

GLOPPEN – KOMMUNAL PLAN FOR VEG OG TRAFIKKTRYGGING, OMRÅDEVIS PRIORITERING, status per november 2025

Område: Breim (tidlegare Reed og Byrkjelo)

Innspel/status	Vegtype	Trafikkfarlege punkt/strekningar	Bakgrunn/Anna informasjon	Ansvarleg	Framlegg til tiltak	Kostnad
Spelt inn 2015/16	Kommunal veg	Skrøppavegen frå Hole til Reed	Den kommunale vegen bør rustast opp (masseutskifting, nytt toppdekke)	kommunen	Vegforsterking og nytt asfaltdekke	Ikkje kostnadsrekna
Spelt inn 2015/16 Utført 2018	Kommunal	Snuplass for taxi på Hjelle	Ynskje om gatelys i vegkryss ved Kjell Hjelle der skuleborn står i mørket og ventar	Kommunen	1 stk. gatelys	Ikkje kostnadsrekna
Spelt inn 2015/16	Fylkesveg 693	Støyva-Myklebust	Manglande autovern og behov for siktrydding	Vestland fylkesk.	Autovern, siktrydding	Ikkje kostnadsrekna
Spelt inn 2015/16	E39	Byrkjelo- Reed	Dårleg tilrettelagt for mjuke trafikantar Stor trafikk, ikkje gul stripe. Ikkje trygt å gå/sykle	Statens vegvesen	Gang- sykkelveg	Ikkje kostnadsrekna
Spelt inn 2015/16	E39	Byrkjelo: Krysset Byrkjelo sentrum	Mange bilistar stoppar ikkje for fotgjengarar som skal gå over gangfelta	Statens vegvesen	Trafikkkontrollar, fartshumpar, skilting	Ikkje kostnadsrekna
Spelt inn 2015/16	Fylkesveg	Byrkjelo: Øvresetkrysset	Bilane har ofte høg fart, utforkøyringar skjer på vinterstid. Farleg å ferdast for skuleelevar. Dårleg tilrettelagt for mjuke trafikantar	Vestland fylkes-kommune		Ikkje kostnadsrekna
Spelt inn 2015/16	Fylkesveg	Byrkjelo: FV 60 - Byrkjelo- Øvreset		Vestland fylkesk.	Gang- sykkelveg	Ikkje kostnadsrekna
Spelt inn 2015/16	Fylkesveg	Byrkjelo: Bjørnarheimkrysset-Myklebustkrysset	Farleg å ferdast for barn (Kostnadsrekna i 2023 til kr. 328.000)	Vestland fylkes-kommune	Etablere gatelys	Avslag på søknad i 2023 og 2024.
Spelt inn 2015/16	E39	Reed: E39 Reed sentrum- Hetle Bru	Dårleg tilrettelagt for mjuke trafikantar	Statens vegvesen	Gang- sykkelveg	Ikkje kostnadsrekna
Spelt inn 2015/16	E39	Reed: Hetle Bru og v/busskur ved Hovden	Farleg vegkryssing	Statens vegvesen		Ikkje kostnadsrekna
Spelt inn 2015/16	E39	Reed: Reed sentrum	Utviklingslaget har i fleire år sett fokus på den svært dårlege trafikktryggleiken gjennom Reed sentrum. Dei etterlyser plan for tiltak, og det er aukande trafikk. Det er ikkje mogelegheit for mjuke trafikantar å krysse E39 i sentrum.	Statens vegvesen	Fotgjengarfelt	Ikkje kostnadsrekna

Innspel/status	Vegtype	Trafikkfarlege punkt/strekningar	Bakgrunn/Anna informasjon	Ansvarleg	Framlegg til tiltak	Kostnad
Spelt inn 2015/16	E39	Byrkjelo: E 39 ved Flølo i Breim	Farleg trafikkstrekning. Ofte forbikøyringar, noko som fører til høg fart. Dårlig sikt grunna helling på veg. -Busstoppskiltet er plassert i vegkanten, og busspassasjerar må stå i sjølve vegen, då det er grøft med vatn ved veglinja, på vinteren er det snøkant.	Statens vegvesen	Busstopp med skur Redusere fartsgrensa Gangfelt	Ikkje kostnadsrekna
Spelt inn 2015/16	E39	Egge-Gåsemyr-Strand	Fartsgrense er 80 km/t. Mange bilistar køyrer fortare	Statens vegvesen	Redusere fartsgrensa	Ikkje kostnadsrekna
Spelt inn 2015/16	E39	Hjelle bru til G/S-veg Bergheim	Det er fartsgrense som tillet 80 km/t, og vegen ligg i kurvatur med kort sikt. Ikkje gatelys her. Elevane frå Hjelle har berre rett til skuleskyss til 4. klasse og dei må difor som 10-åringar sykle eller gå denne strekninga dagleg. Med ein 11-12 årings trafikkforståing, meiner dei dette fort kan få store konsekvensar.	Statens vegvesen	Gang- og sykkelveg, gatelys.	Ikkje kostnadsrekna
Utført 2019	Kommunal	Breim Skule	Gatelys på oppstillingsplassen for bussane og belysning inne på skuleområdet.	Kommune		210.000
Nytt innspel 2020	Kommunal	Byrkjelo Aust	Fartsreducerande tiltak i Furuhaugen, Byrkjelo	Kommune	Fartdsumpar / redusert fart	Søkt om tilskot i 2026
Nytt innspel 2022	Fylke / kommunal	Reed	Høg fart frå Reed sentrum (Coop) mot Reed camping og spesielt etter krysset frå Årdalsvegen.	Vestland fylkesk., kommune	Fartdsumpar / redusert fart	Ikkje kostnadsrekna
Nytt innspel 2022	Kommune	Byrkjelo	Ønskje om trafikktryggingstiltak på Skulevegen, då det er mange skuleborn som nyttar denne vegen for å kome seg til det nye klatreanlegget. Er ein bom på vegen i dag, men denne kan opnast og blir ikkje lukka. Spelt inn av skulen/ FAU/elevrådet.	Kommune	Stenge vegen i skuletida, ev fartsd.	Ikkje kostnadsrekna
Nytt innspel 2025	Kommunal	Reed	Fartsreducerande tiltak i Øvre Hovden,	Kommunal	Fartsdump	
Nytt innspel 2025	Kommunal	Hjelle	Gatelys frå brua og bort til husa	Kommunal	Gatelys	

Område: Sandane

Innspel/ status	Vegtype	Trafikkfarlege punkt/strekningar	Anna informasjon	Ansvarleg	Framlegg til tiltak	Kostnad
Spelt inn 2015/16 Utført 2017	Kommunal veg	Frydenbø- forbi kunstgras-bana, til vegen inn Åsen nord.	Det går mange ungar denne vegen, både til skule, barnehage, fritidsaktivitetar. Ønske om heva fortau vidare frå Frydenbø- forbi kunstgrasbana, til veg inn Åsen nord. Tiltaket er kostnadsrekna med 150 meter G/S-veg langs Åsavegen til kunstgrasbana.	Kommunen	Heva fortau	300.000,-
Ikkje Utført			Gatelys i krysset Åsavegen /Åsahøgda. Kostnadsrekna i 2022 til kr. 62.000	Kommunen	Gatelys	Avslag på søknad i 2023
Spelt inn 2015/16 Delvis utført i 2021, forbi Omsorgs.	Kommunal veg	frå Best-stasjonen- Kunstgrasbana, både via Gloppen Omssorgssenter og via Frydenbø	Det var tidlegare langsgående kvit stripe som no er borte, men dei meiner dette ikkje er tilstrekkeleg, det skjermar for lite og barna lærer å gå på feil side av vegen. Området er mykje nytta av deira 90 barnehagebarn, men også på ettermiddagane, då det er mange aktivitetar på kunstgrasbana og Aktivitetsområdet.	kommunen	Ynskjer gang og sykkelveg	Frå Åsavegen ttil omsorgssentere t, utført i 2021, kr. 253.000.
Spelt inn 2015/16	Kommunal veg	frå Best-stasjonen- Kunstgrasbana, både via Gloppen Omssorgssenter og via Frydenbø	Gang/Sykkelveg forbi Røysatunet, brannstasjonen til Frydenbø manglar.			Kostnadsrekna i 2022 til 625.000. Søkt om til SVV i 2025 og 2026.
Spelt inn 2015/16	Kommunal veg	Eidsvegen- Åsavegen	Nygård barnehage likar å nytte nærområdet, og ynskjer ein trygg og praktisk gang og sykkelveg. Det er svært farleg trafikk langs Elvavegen fv. 696, heller ikkje trygg veg mot sentrum. Vegen er skuleveg.		Ny gang-sykkelveg Eidsvegen- Åsavegen	Ikkje kostnadsrekna
Spelt inn 2015/16 Utført 2017	Kommunal veg	Best-stasjonen - Kunstgrasbana	Oppmerking av overgangsfelt, to ved Arbeidskyrkja, eitt ved Best-stasjonen mot Bolseth Glas, eitt ved fartsdump mot Valborgkleiva.	Kommunen	Oppmerking, fartshump	Delvis utført, liten kostnad
Spelt inn 2015/16 Utført	Kommunal veg	Eidsvegen	Nygård barnehage har søkt kommunen om oppsetting av 3 gatelys langs Eidsvegen, frå brua til Søreide, Elvavegen og mot Eide. Det har vore stor auke av mjuke trafikkantar langs strekninga til og frå barnehage, skule osv.	Kommunen	Gatelys	50-100.000,-

Innspel/ status	Vegtype	Trafikkfarlege punkt/strekningar	Anna informasjon	Ansvarleg	Framlegg til tiltak	Kostnad
Spelt inn 2015/16	Kommunal veg	Sidevegen frå Arbeidskyrkja mot Ulvesbakken	Mona barnehage har utgang frå leikeområde frå sidevegen frå Arbeidskyrkja mot Ulvesbakken, bilar køyrer fort her og kjem brått på. Dei kryssar vegen her mange gonger dagleg, td. ved bruk av Tarzanløypa, kunstgrasbana og Myra.	Kommunen	Fartshump ved Arbeidskyrkja og sidevegen frå Arbeidskyrkja mot Ulvesbakken	20-50.000,- Søkt om tilskot i 2026
Spelt inn 2015/16	Kommunal veg	Gatelys Valborgkleiva	Etter stadig meir utbygging i Valborgkleiva ser dei større behov for gatelys i nedre del av byggefeltet. Fleire skulebarn går denne vegen der eit parti er utan lys.	Kommunen	2-3 lyspunkt	50-100.000,-
Spelt inn 2015/16	Kommunal veg	Krysset mot golfbana ved Eidsvegen 1	Fleire barn og unge brukar sykkel for å kome seg til golfbana	Kommunen	Utbetre siktzone (fjerne hekk)	Liten kostnad
Innspeletter høyring 2015/16	Kommunal veg	Øvrevegen på søreide	Manglande fast dekke og veglys frå Søreide skule. Fast dekke vil på sikt vere lønsamt for kommunen. Øvrevegen vert mykje nytta etter arbeidstid som rekreasjon og som trim/turløype spesielt sommartid. I mørketida er det ikkje mogeleg når det ikkje finnst gatelys.	kommunen	Veglys, asfalt	Ikkje kostnadsrekna
Spelt inn 2015/16	Kommunal veg	Grendahuset Kandal-Mykland	Vegen sig fleire stader ved Rygg, behov for asfalt. Behov for ny snuplass i Kandal.	Kommunen	Asfalt, snuplass	Ikkje kostnadsrekna
Spelt inn 2015/16	Kommunal veg	Vegen mellom «hovudvegen» på Fitje og vegen til samestad	Krysset er uoversiktleg då det ligg i sving rundt ein haug.	Kommunen	Type tiltak er ikkje vurdert	Ikkje kostnadsrekna
Spelt inn 2015/16	Fylkesveg 700	Sandane: Kaia frå Statoil i Nordstrandsvegen	Strekninga er svært trafikkfarleg Skulen har delteke i aksjon «bruk belte i buss»	Vestland fylkesk.	Gang- og sykkelveg	Ikkje kostnadsrekna
Spelt inn 2015/16	Fylkesveg 615	Sandane: Vonheim til Storebru i Sørstrandvegen	Strekninga er svært trafikkfarleg	Vestland fylkesk.	Gang- og sykkelveg	Vlfk jobbar med reg.plan
Spelt inn 2015/16	Fylkesveg 615	Kryss/avkøyrsløp til Høgenausen byggefelt	Ynskjer at det vert søkt om at vegvesenet etablerer gangfelt. Det går skuleborn kvar dag	Kommunen / Vestland fylkesk.	Gangfelt og forlenging av gangveg	Søknad ikkje innvilga

Innspel/ status	Vegtype	Trafikkfarlege punkt/strekningar	Anna informasjon	Ansvarleg	Framlegg til tiltak	Kostnad
Spelt inn 2015/16	Fylkesveg 615	Busstopp ved Solglimt trykkeri	Skuleelevar må krysse vegen	Vestland fylkesk.		Ikkje kostnadsrekna
Spelt inn 2015/16	Fylkesveg 696	Fylkesveg 696 frå E30 til Kandal	Behov for rekkverk og asfalt, snuplass og fjellsikring	Vestland fylkesk.	Rekkverk og Asfalt	Ikkje kostnadsrekna
Spelt inn 2015/16	Fylkesveg 696	Kjørвика-Kandal	Behov for gatelys ved avkøyrslar der bussen stansar for skuleborn, i alt 7 stk lyspunkt.	Vestland fylkesk.	Gatelys v/busstopp	Ikkje kostnadsrekna
Utført 2020	Fylkesveg 696	Søreidsvegen, Øvre Søreide, Fossevegen	Gatelys ved busstopp	Kommunen/ Vestland fylkesk.	Gatelys v/busstopp	50.000, utført
Nytt innspel i 2020	Privat veg	Tjuavegen	Trafikkskilt for å redusere farten til 20 km/t. Innspel frå Tjuavegen vel.	Privat veg	Trafikkskilt	Ikkje kostnadsrekna
Nytt innspel i 2024	Kommunal veg	Gotavegen	Etablering av forta langs Gotavegen, som vil sikre eit samanhengande fortau frå Kleivedammen og til toppen av Gotavegen	Kommunal veg	Fortau	700.000. Søkt om tilskot i 2024, 2025, og 2026
Nytt innspel i 2025	Kommunal veg	Gotavegen	Autovern på oppsida av skulen, som erstatning for eit enkelt gjerde som står der i dag. Dette for å hindre at nokon køyretøy køyrer utfor vegen og inn på skuleplassen. Mykje trafikk knytt til henting og levering	Kommunal veg	Autovern	
Nytt innspel i 2025	Kommunal veg	Leirbrekka	Fartsreduserande tiltak med bygging av fartsdump	Kommunal veg	Fartshump.	Søkt om tilskot i 2026
Nytt innspel i 2025	Kommunal veg	Valborgkleiva	Større utbygging har ført til aukande trafikk og aukande fotgjengarar langs kommunal veg. Forslag om ulike fartsreduserande tiltak; Fartshumpar, skilta fartsgrense og/eller «Barn Leikar»-skilt, ev. Andre eigna tiltak	Kommunal veg	Fartshump, skilt, anna tiltak	
Nytt innspel i 2025	Kommunal veg	Leirbrekka	Fortauet i Leirbrekka er så øydelagt at det er vanskeleg å sykle og gå trygt der. Ungane sklei og ramla ut i vegen oppi det område som er mest øydelagt. Er det mogleg å få dette reparert?	Kommunal veg	Nytt fortau	
Nytt innspel i 2025	Kommunal veg	Åsavegen	Ny skiltplan for heile Åsavegen for å få lik farstgrense med 40 km/t, og nye soneskilt på alle stikkvegar.	Kommunal veg	Skilt	Kostnad 276.000

Område: Hyen

Innspel/ status	Vegtype	Trafikkfarlege punkt/strekningar	Anna informasjon	Ansvarleg	Framlegg til tiltak	Kostnad
Innspel etter høyring i 2015/16 Utført 2018	Kommunal veg	Gardsvegen gjennom Hope	Gardsvegen gjennom Hope manglar ein del lyspunkt som gjer at det ikkje er triveleg å ferdast ute i mørketida. Her bur og unge familier med born sin har denne vegen som skuleveg til bussen.	Kommunen	Gatelys	370.000
Spelt inn 2015/16	Fylkesveg 691	Ommedalen	Av omsyn til tryggleik for skuleborn, gåande/syklende ynskjer dei at det vert meir opplyst på vegstrekninga. Dei mjuke trafikantane brukar same vegbane som bilistane.	Vestland fylkes-kommune	Fleire gatelys, det finst stolpar langs vegen det kan monterast gatelys på	310.000 Søkt om tilskot i 2024 og 2026
Spelt inn 2015/16	Fylkesveg 691	Mellom Aa og Gjengedal	Dei meiner det er generelt trong for ein del utbetringar her: Fjellsikring v/Klypehammaren, sikring med autovern, møteplassar	Vestland fylkes-kommune	Vegutbetringar	Ikkje kostnadsrekna
Spelt inn 2015/16	Fylkesveg 615	Hopstranda – ulike tiltak langs vegen	Ulike tiltak er nemnde i innspel nr. 10. Dei har opplevd både ulukker og nesten-ulukker, og ser bilar og motorsyklar har høg fart på smal og svingete fylkesveg. Fare for ras skapar frykt. Det blir gjort haldningsskapande arbeid innan trafikktryggleik både i heim/skule	Vestland fylkes-kommune	Ulike tiltak	Ikkje kostnadsrekna
Spelt inn 2015/16 Utført i 2022	Fylkesveg 615	Solheim, fylkesvegen gjennom bygda	Søkje om gatelys langs fylkesvegen, i utgangspunktet ved avkøyrslene til husa. Mange skuleborn ventar på bussen her. Det er mykje trafikk, og mange køyrer fort. Langs vegen er det fleire parti med låg støypekant, og på nedsidene er det bratt og elvar som gjer det farleg å ferdast i mørket. Dei meiner det vil verta tryggare og mykje trivlegare for folk å gå på vegen når det er lys her.	Vestland fylkes-kommune	Ein del gatelys	1.060.000
Spelt inn 2015/16 Utført i 2025	Kommunal veg	Kommunal veg/ omsorgsbustad/ arbeidsplass	Det er svært mørkt på nedsida av Løkjatunet, og inn på vegen Straumsholmen, ned til krysset mot Hyevegen. Heimetenesta i Hyen har sin base på Løkjatunet og det er til tider farlege trafikksituasjonar på den mørke årstida	Kommune	Gatelys	

Område: Nordstranda

Innspel/ status	Vegtype	Trafikkfarlege punkt/strekningar	Anna informasjon	Ansvarleg	Framlegg til tiltak	Kostnad
Spelt inn 2015/16 Utført 2017	Kommunal veg	Apalsetfelet, vegen mellom gamle og nye E39	Manglande gatelys frå Apalset og innover. Tiltaket er kostnadsrekna med gatelys frå trafo v/Søren Nybø til Folkehøgskulen.	Kommunen	gatelys	200.000,-
Spelt inn 2015/16 Utført 2019	Kommunal veg	Apalsetfeltet, vegen mellom gamle og nye E39	Mange nye hus og barnefamiliar har kome til siste åra; Vegen mellom gamle og nye E 39 er mykje nytta av mjuke trafikantar; barn leikar, barnevogner vert trilla, barn og vaksne syklar til og frå barnehage/skule, samt i fritida. I bustadfeltet opplever dei at bilar køyrer for fort, ubehagelege episodar på grunn av bilar har for høg fart har skjedd, dårleg sikt mange stader, smale vegar.	Kommunen	Redusere fartsgrense frå 50 km og ned,	30.000
Spelt inn 2015/16	Kommunal veg	Nordstranda: E 39 Vereidekrysset	Dårleg sikt mange stader	Kommunen	Utbetre siktsoner	50-100.000,-
Spelt inn 2015/16 Utført 2018	Kommunal veg	Nordstranda skule	Situasjonen ved inngangspartiet til skulen er til tider kaotisk, særskilt i bring- og hent-situasjonar, dette samstundes som barn kjem gåande, og skulebussen kjem for å hente elevane. I vinterhalvåret er det enda meir utrygt fordi området er dårleg opplyst. Dersom det vert laga rundkøyring, vil ein lett kome vekk frå at bilar må rygge. Det vert dermed meir oversiktleg og tryggare for elevane.	Kommunen	Endre køyremønster, flytte/fjerne skilt, gatelys	50-100.000,-
Spelt inn 2015/16	Kommunal veg	Vegen mellom gamle og nye E39	Det er ikkje sett opp skilt som syner fartsgrensa etter at ny E39 kom. Mange treng tydeleg markering på kva fartssona er, og kven som har vikeplikt	Kommunen	Tydeleg skilting. Setje opp skilt som syner fartsgrense 50 km/t.	10-50.000,-
Spelt inn 2015/16	Kommunal veg	Bru Hatlebakken	Sikring av bru/elv i Hatlebakken	Kommunen	Autovern	Ikkje kostnadsrekna

Innspel/ status	Vegtype	Trafikkfarlege punkt/strekningar	Anna informasjon	Ansvarleg	Framlegg til tiltak	Kostnad
Spelt inn 2015/16 Utført 2019	Kommunal veg	Vereide	Dei oppfattar at enkelte område har ei større trafikkmengd med både mjuke og harde trafikantar, enn veg og trafikkregulering er berekna for. Det er 3 barnehagar, 1 folkehøgskule, og elles planlagt nye bustader på Vereide. Trafikkmengda vil koma til å auke, og dei ynskjer bumiljø og trygge vegar for alle. Dei ynskjer å bidra vidare i planprosessen.	Kommunen	Fartsregulerande tiltak sentralt på Vereide	Ikkje kostnadsrekna
Spelt inn 2015/16	Kommunal veg	Nordstranda: Krysset ved ballbingen på Vereide-fotgjengarfelt.	Mange barn frå dei tre barnehagane på Vereide ferdast i dette området til og frå ballbinge og turstader. Det er ynskjeleg med ein trygg og sikker stad å krysse vegen.	Kommunen	Trygg løysing for kryssing av vegen	Ikkje kostnadsrekna Søkt om tilskot i 2024
Spelt inn 2015/16	Kommunal veg	Veg frå byggefelt ovanfor folkehøgskulen til kryss i prestegarden	Smal veg	Kommunen	Vegutviding for gangveg, utbetre siktsoner	175.000
Spelt inn 2015/16 Utført i 2024	Kommunal veg	Nordstranda/Austrheim barnehage	Vil ha tiltak for tryggare stopp og av/påstiging for skulebuss ved Nordstranda/Austrheim barnehage.	Kommunen	Etablere betre planløysing for trafikk.	80.000
Spelt inn 2015/16	Kommunal veg	Føleide		Kommunen	Betre snutilhøva for skulebuss på Føleide	Ikkje kostnadsrekna
Spelt inn 2015/16	Kommunal veg	Rye/Ryssfjøra/Føleide	Behov for veglys mellom Rye-Ryssfjøra	Kommunen	Gatelys	Ikkje kostnadsrekna
Spelt inn 2015/16 Utført i 2019	Kommunal veg	Fjellbygda ved Aske	Søker om å få opp eitt gatelys i Fjellbygda ved Aske	Kommunen	Eitt gatelys	20.000
Spelt inn 2015/16	Kommunal veg	Øvre Tystad/Slagstad	Vurdere tiltak for sikring av veg på Øvre Tystad/Slagstad. Tiltaka må ikkje vere til ulempe for gardsdrift, men likevel redusere fare for at køyretøy skli utfor vegen.	Kommunen	Autovern	Ikkje kostnadsrekna

Innspel/ status	Vegtype	Trafikkarlege punkt/strekningar	Anna informasjon	Ansvarleg	Framlegg til tiltak	Kostnad
Spelt inn 2015/16	Fylkesveg 700	Gloppestad-Andenes-vegkryss E39	Forlenge eksisterande 60-sone	Vestland fylkes-kommune	Forlenge eksisterande 60-sone	Liten kostnad
Spelt inn 2015/16	E39	Vereidekrysset	Ynskje om å redusere fartsgrensa til 60 km/t då det ikkje er avkøyringsfil der.	Statens vegvesen	Redusere fartsgrense til 60 km/t ved krysset.	Ikkje kostnadsrekna
Utført 2020	Kommunal	Nordstranda Barnehage	Gatelys ved Nordstrandda barnehage	Kommune		60.000
Nytt innspel	Kommunal	Føleide	Behov for busskur for born som ventar på buss i all slags ver	Kommune	Nytt busskur	Ikkje kostnadsrekna
Nytt innspel i 2021	Kommunal	Nordstranda skule	Vegen forbi Nordstranda skule er svingete og i dårleg forfatning. Nedsliten asfalt, hol i vegdekket er faktorar som gjer det farleg å vere mjuk trafikkant. Bilistar vil unngå hola i vegen mellom avkøyring frå E39 og ned mot Sandane sentrum og bilane blir ofte lagt i feil køyrebane for å hindre øydelagde hjuloppheng og øydelagd støytdempar. Det gjer trafikksituasjonen farlegare for elevar og andre som skal krysse vegen	Vestland fylkes-kommune	Legge ny asfalt	Delvis asfaltert i 2023 med investeringsmidlar
Nytt innspel i 2021	Kommunal	Øvre Nordstranda	Behov for gatelys langs Øvre Nordstranda på den strekninga som skuleborn ikkje har krav på skuleskyss Tilskot i 2023 med kr. 322.000 + kommunal eigeandel	Kommunen	Gatelys	Kostnadsrekna i 2022, kr. 1.522.000. Søkt om tilskot i 2025 og 2026
Nytt innspel i 2025	Kommunal	Austrheimsbakk en	Austrheim barnehage ynskjer fotgjengarovergang ved utkøyrsla ved Gimle, og over kommunal veg til parkeringsplass / gang- og sykkelveg. Behovet for ekstra belsyning må også vurderast, dersom dette er aktuelt.	Kommune	Fotgjengar-overgang, gatelys	

Område: Nesjane og Rygg

Innspel/ status	Vegtype	Trafikkarfarlege punkt/strekningar	Anna informasjon	Ansvarleg	Framlegg til tiltak	Kostnad
Spelt inn 2015/16 Utført i 2025	Kommunal veg	Rygg: Nygeilane, Gimmestad	Søker om kommunale veglys frå busskuret i Nygeilane til Leitingshaugen Bustadfelt og i vegkryssa ved anleggsplassen på Leitet. Dette er skuleveg, og vegen er mørklagt bortsett frå to stader ved busskuret. Det har vore synfaring med kommunen på staden.	Kommunen	Gatelys	Kostnad 300.000, utført i 2025
Spelt inn 2015/16	Kommunal veg	Nesjane: Kommunal veg; Hestenesøyra, Øyra-Nesjane Skule	Dårleg standard på vegen frå Småbrua på Øyra mot skulehuset på Hestenesøyra, mange hol i vegen.	Kommunen	Nytt fast dekke Drenering langs vegen og på snuplass nedom skulehuset.	Ikkje kostnadsrekna
Spelt inn 2015/16	Kommunal veg	Kommunale vegar på Hestenes og Eikenes	Vurdere 30-sone	Kommunen	Sette ned fartsgrense til 30 km/t	Ikkje kostnadsrekna
Spelt inn 2015/16	Fylkesveg 615	Nesjane; Fv 615 Hestenesøyra	Høgt fartsnivå	Politiet	Trafikkontrollar i 60-sona, forlenge 60-sone	Liten kostnad
Nytt innspel	Fylkesveg 615 / Kommunal	Rygg barnehage / Runevang / Heggjedalen	Styret i Runnevang har spelt inn følgjande innspel: • 40 km sone på Fv615 frå bruhodet i vest forbi avkøyring til Rygg barnehage, samt opp Heggjedalen forbi avkøyringane til bustadhusa • Etablering av gangfelt frå Rygg barnehage / parkering til Runevang • Etablering av gangfelt over fv615 frå aktivetetsområdet / Bua /Bryggja over til Rygg barnehage • Veglys i Heggjadalen (Gatelys vil bli montert hausten 2024, som ein del av eit VA-prosjekt og inv.middlar) • Veglys frå Ryggøyra til Sandefeltet	Kommyne / Vestland fylkes-kommune	Sjå innspelet	Ikkje kostnadsrekna Gatelys er montert i 2024

Innspel/ status	Vegtype	Trafikkfarlege punkt/strekningar	Anna informasjon	Ansvarleg	Framlegg til tiltak	Kostnad
Spelt inn 2015/16	Fylkesveg 615	Rygg/Nesjane: Fv 615 mellom Hestenesøyra-Sande, Rygg	Vegen er svært ujamn. Hol som har blitt fylt att, kjem fort igjen.	Vestland fylkes-kommune	Fast vegdekke, truleg betre drenering	Ikkje kostnadsrekna
Spelt inn 2015/16	Fylkesveg 615	Rygg/Nesjane: Fv 615, Sande-Hestenesøyra	Særdeles dårleg standard på vegen mellom Sande og Hestenesøyra. Manglande vedlikehald har ført til mange hol i vegen, noko som kan føre til skader på køyretya som då forsøker å køyre å svinge unna dei verste hola; potensielt trafikkfarlege situasjonar. Vegen hallar mot sjøsida	Vestland fylkes-kommune	Forsterking av vegkropp og asfaltdekke	Ikkje kostnadsrekna
Spelt inn 2015/16	Fylkesveg 615	Nesjane: Hestnesøyra og omkringliggande område	Manglar lys ved busskura, trafikk-farlege situasjonar når skuleborna ventar på bussen Svært høg fart på Fv 615 forbi busstur på Eikenes.	Vestland fylkes-kommune	Veglys ved busstur/Trafikk ontrollar	Ikkje kostnadsrekna
Utført 2020	Fylkesveg 615	Rygg barnehage	Gatelys ved rygg barnehage	Vestland fylkes-kommune		200.000